



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Møtereferat

Utvalg	Lokalt samarbeidsutval Volda (Helsefelleskap Møre og Romsdal)
Møteleder	Mona Ryste t.o.m. sak 5/21 Renathe Rossi-Kaldhol f.o.m. sak 6/21
Referent	Sissel Ørstavik Aase
Møtenummer	1-21*
Dato	03.09.2021
Tidspunkt	1200 - 1430
Sted	Teams (digitalt)

* Det har tidlegare i 2021 vore 2 møter i Lokalt samhandlingsutval Volda sjukehusområde

Tilstades medlemmar:

Organisasjon	Navn og stilling	Funksjon	Møtt
Helse Møre og Romsdal	Mona Ryste, rådgivar Klinikk Volda sjukehus	Representant og leiar av utvalet	X
Helse Møre og Romsdal	Palma Hånes, klinikkssjef Klinikk Volda sjukehus	Representant	X
Helse Møre og Romsdal	Anita Myklebust Nybø, seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehabilitering	Representant	X
Helse Møre og Romsdal	Kari Standal, seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus	Representant	X
Helse Møre og Romsdal	Hallgrim Myklebust, seksjonsleiar DPS	Representant	X
Hareid kommune	Helga Bøe, kommunalsjef	Representant	
Herøy kommune	Renathe Rossi-Kaldhol, kommunalsjef	Representant	X
Sande kommune	Bård Dalen, helse og omsorgssjef	Representant	X
Ulstein kommune	Marit Botnen, kommunalsjef	Representant	
Vanylven kommune	Janita Nybø, konst.kommunalsj./ Eli Tefre Nordal, kommunalsjef	Representant	
Volda kommune	Svein Berg-Rusten, kommunalsjef	Representant	X
Ørsta kommune	Oddvar Marøy, stableiar tildeling og koordinering	Representant	X
Fastlege/ Praksiskonsulentordninga	Stian Endresen, fastlege Ulstein og praksiskonsulent (HMR)	Representant	X
Brukarrepresentant kommune	Eilin Reinaas, Norges Handicapforbund (NHF)	Representant	X
Brukarrepresentant Helse Møre og Romsdal	Asbjørn R. Gausdal, Funksjonshemmedes Fellesorg. (FFO)	Representant	X
Brukarrepresentant kommune vara	Anders Johnsen, LHL	Vararepresentant	
Brukarrepresentant Helse Møre og Romsdal	Jakob Strand, Pensjonistforbundet	Vararepresentant	

Sekretariat Helse Møre og Romsdal (HMR)	Sissel Ørstavik Aase, rådgivar seksjon for samhandling i HMR	Sekretariat	X
Sekreteriat kommunar Søre Sunnmøre	Vegard Sperre Austnes	Rådgivar Sunnmøre Regionråd	X

Andre tilstades:

Organisasjon	Navn	Stiling	Sak
Helse Møre og Romsdal	Eli Otterlei	Samhandlingssjef, HMR	4/21
Helse Møre og Romsdal	Ståle Hoff	Klinikkssjef Klinikk for psykisk helse og rus i Helse Møre og Romsdal	7/21 og 11/21
Helse Møre og Romsdal	Eirik Molvær	Avdelingssjef for DPS Sunnmøre	7/21 og 11/21
Helse Møre og Romsdal	Jorun Bøyum	Klinikkssjef Klinikk for kreftbehandling og rehabilitering	10/21

Sak nr.	Sak	Vedtak/ aksjon	Ansvarlig	Frist
1/21	Velkommen til møte i Lokalt samarbeidsutval Volda. - Velkommen og innleiing til det første møtet i LSU Volda sjukehusområde i Helsefelleskap Møre og Romsdal, ved Mona Ryste. - Ei kort presentasjonsrunde av alle tilstades i møtet. - Innkallinga til møtet vart godkjent. - Det var ingen saker til eventuelt.		Ved leiar av LSU Volda sjukehusområde Mona Ryste	
2/21	Godkjenning av referat frå møte nr. 2-2021 i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde. Referatet frå førre møte (23.04.2021) vart godkjend.		Ved leiar av LSU Volda sjukehusområde Mona Ryste	
3/21	Kva skjer ved Volda sjukehus og i kommunane? Gjensidig orientering. Svein Berg-Rusten orienterer om tilsetjingsprosess når det gjeld koordinatorfunksjonen i Sjustjerna/ Helsefelleskapet med søknadsfrist 05. september. Det er fleire søkjarar og tilsetjingsprosessen skal kome raskt i gong. Kommunene har mange interkommunale samarbeid på gong, mellom anna utarbeiding av retningslinjer for kommunal følgjeperson til pers. i sjukehus. Det er valt ny leiar i sjustjerna Helse og omsorg frå 03.09.21: Kristin Vik frå Ørsta kommune. Palma Hånes orienterer om nybygg ved Volda sjukehus. Det vert vist skisser frå to av etasjene som skal byggast med tanke på nytt akuttmottak og meir poliklinisk areal. Dette skal stå ferdig hausten 2022. <i>Presentasjonen følgjer vedlagd.</i>		Ved leiar i sjustjerna helse og omsorg Svein Berg Rusten og klinikkssjef ved Volda sjukehus Palma Hånes	
4/21	Orientering og dialog om revidert samarbeidsstruktur og Helsefelleskap Møre og Romsdal, jf. revidert samarbeidsavtale		Ved samhandlingssjef i Helse Møre og	

	<p>kap.5.</p> <p>Eli Otterlei orienterte om Helsefelleskap Møre og Romsdal og revidert samarbeidsstruktur. Status er at alle 26 kommunene i fylket har skrive under på samarbeidsavtalen. Dei fleste samarbeidsutvala er konstituerte.</p> <p>Ny heimeside for Helsefelleskapa er lansert. Her vert informasjon og referat lagt ut fortløpande: https://helse-mr.no/fag-og-forsking/samhandling/helsefelleskap-more-og-romsdal</p> <p>Det er einigheit om at Helsefelleskapa skal gjerast betre kjent og føre til tenelege samarbeid, ikkje berre på strategisk overordna nivå.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Dei faglege samarbeidsutvala skal presentere utkast til reviderte handlingsplanar for dei fire prioriterte områda, på Teams-møte 28. oktober 2021. <p>LSUane sender skriftlege innspel til dei faglege samarbeidsutvala. Framdrift her er prioritert.</p> <p><i>Presentasjonen følgjer vedlagd.</i></p>	Romsdal Eli Otterlei	
5/21	<p>Val av leiar og nestleiar i Lokalt samarbeidsutval (LSU) Volda.</p> <p>Vedtak: Ny leiar LSU Volda (frå kommunane): Renathe Rossi-Kaldhol</p> <p>Ny nestleiar LSU Volda (helseføretaket): Mona Ryste</p> <p>Jf. revidert samarbeidsavtale punkt. 5.3.2 d vert leiar og nestleiar valde for 4 år blant helseføretaket og kommunane sine representantar. Det er avtalt forståing for at leiar/nestleiar byttar roller etter 2 år.</p> <p>Avtroppande leiar Mona Ryste takkar Vegar Austnes for framifrå arbeid i sekretariatsrolla.</p>	Ved leiar av LSU Volda Mona Ryste	
6/21	<p>Revisjon av møteplan for LSU Volda sjukehusområde. Jf. revidert samarbeidsavtale punkt. 5.3.2 b skal det vere 4 møter pr. år, evt. fleire ved behov.</p> <p>Neste møte i LSU er tidlegare avtalt til 10. desember 2021 kl. 12.00-14.30.</p> <p>Det vert planlagt å halde 4 årlege møter i LSU Volda i 2022, i etterkant av møtet i Sjustjerna helse og omsorg, som tidlegare.</p>	Ved ny leiar av LSU Volda Renathe Rossi-Kaldhol	
7/21	<p>Oppfølging av sak 16/2021 i LSU Volda sjukehusområde om avtalespesialistar.</p> <p>Bakgrunnen for saka er nedgang i talet på psykologspesialistar på Søre Sunnmøre, medan behovet veks. Viser til sak 16/2021.</p> <p>Konklusjonen var å ta opp att saka ved eit seinare høve til våren. Saka må då sjåast i samanheng med:</p>	Ved klinikkssjef Klinikk for psykisk helse og rus i Helse Møre og Romsdal Ståle Hoff, avdelingssjef for DPS Sunnmøre Eirik Molvær	

	<p>1. Samlokalisering av Myrvåg DPS og døgnpost DPS i Volda (jf. sak 11/21). Korleis skal vi ha ambulante tenester?</p> <p>2. Etablering av felles tilvisingsmottak for DPS og avtalespesialistar.</p> <p>3. Omsynet til DPS-tilbodet: Korleis skal organiseringa av avtalespesialistar på Søre Sunnmøre vere? Jf. Utlysing av heimlar for avtalespesialistar innan psykisk helsevern.</p>		
8/21	<p>Oppfølging av sak 19/2021 i LSU Volda sjukehusområde om Rask psykisk helsehjelp. Jf. Referatet sak 19 frå møte nr. 2/2021 i LSU Volda sjukehusområde.</p> <p>Svein Berg-Rusten informerer om at saka må utsetjast til neste møte, då det ikkje er blitt jobba vidare med denne saka sidan førre møte.</p>	Ved Sjustjerna helse og omsorg	
9/21	<p>Oppfølging av sak 20/2021 i LSU Volda sjukehusområde om Traumeplan.</p> <p>Orientering ved Palma Hånes. Volda sjukehus har fått Traumefunksjon frå 01. september 2021. Dette er på lik line med Ålesund og Molde sjukehus, med fleire funksjonar tilgjengeleg 24/7 som skal kome pasientar kring Volda sjukehusområde til gode.</p> <p>Funksjonen byggjer på faglege og organisatoriske føresetnadar. <i>Presentasjon følgjer vedlagd.</i></p>	Ved klinikkssjef for ved Volda sjukehus Palma Hånes	
10/21	<p>Orienteringssak: Mogleg samlokalisering/flytting av spesialisert rehabilitering på Mork inn i sjukehuset i Volda.</p> <p>HMR arbeider med ei sak om å flytte spesialisert rehabilitering på Mork inn i Volda sjukehus (i lokala til DPS poliklinikken og DPS døgnposten), samt nytte seg av uteareala/ hagen ved sjukehuset.</p> <p>Mork rehabiliteringssenter er eit eldre bygg med stort behov for rehabilitering av byggemassen, varmtvassbasseng er stengt grunna manglande vedlikehald. Basseng ved Volda sjukehus nyttast i staden. Mål om å behalde den faglege kompetansen ved ei eventuell flytting.</p> <p>LSU Volda sjukehusområde tek saka til orientering.</p>	Ved klinikkssjef Klinik for kreftbehandling og rehabilitering i Helse Møre og Romsdal Jorun Bøyum og Anita Myklebust Nybø	
11/21	<p>Orienteringssak: Mogleg samlokalisering av ambulante tenester i Myrvåg med døgnpost DPS.</p> <p>Saka er knytt til sak 10/21, flytting av Mork rehabiliteringssenter.</p> <p>Det vert utarbeidd ein rapport om å samlokalisere ambulante tenester i Myrvåg DPS og døgnpost DPS i Volda.</p> <p>Hovedgrunnen til samlokalisering er å sikre spesialistdekning.</p> <p>Rapporten ser på to alternativ: 1. Samlokalisering i Volda eller 2. Døgnpost DPS vert flytta og ambulante tenester forsatt vert i Myrvåg.</p>	Ved avdelingssjef for DPS Sunnmøre Eirik Molvær og klinikkssjef Klinik for psykisk helse og rus i HMR Ståle Hoff	

	LSU Volda sjukehusområde tek saka til orientering.		
12/ 21	Eventuelt Det var ingen saker til eventuelt.		